

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

### Møtereferat

**Møte:** Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde (nr. 2/2019)

**Dato:** 29.11.2019

**Stad:** Ulsteinvik, Halsekerdalen 20

**Møtetid:** Kl. 10.00-14.00

#### Til stades:

*Frå Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde:*

Hareid kommune ved kommunalsjef Nils Arne Skagøy

Herøy kommune ved kommunalsjef Renathe Rossi Kaldhol

Ulstein kommune ved kommunalsjef Marit Botnen

Volda kommune: kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol

Ørsta kommune ved stableiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy

HMR – Volda sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar DPS Hallgrim Myklebust

HMR – Volda sjukehus ved avdelingssjef medisinsk avdeling Mona Ryste

HMR – Volda sjukehus ved sjukehuskoordinator Knut Nautvik

Brukarutvalet ved Asbjørn Ringdal Gausdal

#### Andre:

Tommy Dahl, Regional innføringsleiar Helseplattformen Sjustjerna Helse og omsorg (sak 13/2019)

Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Helse Møre og Romsdal

#### Forfall:

Sande kommune ved helse- og omsorgssjef Bård Dalen

Sande kommune ved einingsleiar Wenche Torseth

Vanylven kommune ved kommunalsjef Arnhild Nordaune

**Møteleiar:** Leiar av Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde, sjukehuskoordinator  
Knut Nautvik ved Volda sjukehus

**Referent:** Vegard Austnes

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

### **Sak 11/2019: Velkomen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde.**

**Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.** Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Knut Nautvik

Møteinnkallinga vart godkjend. Sak til eventuelt var rekruttering av LIS-1 legar (jf. sak 10/2019 på forrige møte).

### **Sak 12/2019: Godkjenning av referat frå førre møte nr. 1-2019 (22. mars 2019)**

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Knut Nautvik

Referatet frå førre møte nr. 1-2019 vart godkjend.

### **Sak 13/2019: Orientering om status for arbeidet med Helseplattformen på søre Sunnmøre**

Ved Tommy Dahl, regional innføringsleiar (RIL) Helseplattformen Sjustjerna Helse og omsorg

Det vart gjeve ein status på Helseplattformen. RILane skal sørge for informasjon, involvering og forankring i opsjonskommuneane i Midt-Norge, slik at kommunane kan ta gode beslutningar. Regional arbeidsgruppe (RAG) består av regionale innføringsleiarar.

RILane arbeider saman med Trondheim kommune kvar onsdag (20%). Tema er avrop av opsjon og politiske saker, gevinstrealisering, kartlegge verktøy, økonomi og teknisk/IT. RILane i fylket samarbeider også med Helse Møre og Romsdal HF.

22. november utløyste Trondheim kommune opsjonen sin. Regjeringa vil setje av 715 millionar kr. i tilskotsordning for kommunedelen av Helseplattformen inkl. fastlegar. 22-23. oktober var det teknisk workshop i Trondheim. 22. oktober var det kick off for Helseplattformen sitt brukarpanel. Panelet vere med i prosessane og skal bidra til god kvalitet i tenestene.

Brukarutvalet sin representant i LSU Volda sjukehusområde meinte at prosjektet er godt om det fungerer og ein får ein pasientjournal. Men ein del virker usikkert, mellom anna om kommunane vil utløyse opsjonen, og om fastlegane og avtalespesialistane kjem med.

Helseplattformen er ein utprøvsarena. Akson er løysinga for heilskaplig samhandling i resten av landet.

Helse Møre og Romsdal og kommunane skal starte opp løysinga i 3-4. kvartal 2022. Kommunane bør imidlertid vurdere å utløyse opsjonen i 2020 på grunn av arbeidet med oppsett av løysinga og vidare arbeid med innføringa (akseptansetest, opplæring, produksjonssetting og drift).

Helseplattformen kjem med ein pasient- eller innbyggjarportal som vil gi nye moglegheiter for kontakt mellom pasient og helseteneste.

MyChart vil kunne gje pasientane direkte tilgang til dei medisinske testresultata sine. Dette kan bli ei utfordring for fastlegar og legevakter dersom pasientar får opplysningar dei ikkje er budde på. Vidare vart det teke opp kor mange fastlegetimar på søre

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sunnmøre som vil gå med til opplæring.

Det vart sagt at det er ønskeleg at kommunane kan koble seg på link på 14-dagarsmøta om Helseplattformen i fylket slik at ein er informert.

Refleksjonstema var m.a. «Frå go-live vil innbyggjarane har enklare tilgang til journal. Kva vil dette bety i praksis for den enkelte tilsette. Er vi trygge på journalføringa i dag? Bevisst innsynsrett? .....»

Ei saumlaus helseteneste for pasient/innbyggjar krev at ein arbeider med heilskaplege pasientforløp i lys av nye moglegheiter. Det er etablert grupper innan Helseplattformen med ulike tema.

Dahl tok opp om LSU bør ta initiativ til ei arbeidsgruppe med helseføretak, kommunar og fastlegar (med innbyggjarane som referansegruppe) rundt samhandling. Tema kan vere: korleis ser samhandling ut i Helseplattformen, kva kjem, kva vert ikkje løyst med Helseplattformen, kva innspel bør ein gje til fagekspertane på samhandling, kva bør vi starte å gjere i dag for å vere førebudd, og få ei positiv effekt tidleg?

Nautvik tok opp korleis LSU skal forhalde seg til Helseplattformen. Det kom innspel om at LSU må bringe informasjon om Helseplattformen ut i kommunane. LSU har interesse av at kommunane koblar seg på for å få saumlause tenester. Det vart stilt spørsmål om kor mykje det vert arbeid på tvers av faggruppene.

Konklusjonen vart at LSU Volda sjukehusområde ønskjer å bruke dei etablerte strukturane (m.a. RIL) for informasjon til kommunane om Helseplattformen.

### **Sak 14/2019: Kompetanseplan mellom Volda sjukehus og Sjustjerna**

Ved Stian Endresen, praksiskonsulent HMR-Volda sjukehus

Jf. sak 3/2019 på førre møte er Kompetanseplan 2019 ein felles tiltaksplan mellom Volda sjukehus og kommunane i Sjustjerna. Kompetanseplanen tek utgangspunkt i den felles kompetanse- og rekrutteringsplanen for Helse Møre og Romsdal og kommunane som vart laga i 2011. Det kom på førre møte innspel om at ein framover må ha meir prosess (i kommunane på søre Sunnmøre) i samband med utarbeiding av kompetanseplan.

På søre Sunnmøre har ein hatt felles legemøter mellom fastlegar og Volda sjukehus sidan 90-tallet. Kvifor skal ein bygge ny kompetanse? - «Det ei kommune lurar på lurar ofte fleire på». Kompetanse skal delast, det er rasjonelt når ein har få ressursar. Spesialisthelsetenesta har veiledningsplikt.

Ein treng både formell kompetanse og pleiemedhjelpkurs o.l. for ufaglærte i kommunane. Ein skal reise ut på eksterne kurs, men også ha eigne kurs. Bekrefting av gammal kunnskap har ein verdi, ein må ha ny kunnskap og kunnskap som gir endring av «dagens prosedyrer». I tillegg til kunnskapsformidling handlar det om relasjonsbygging mellom kommune og spesialisthelseteneste og å ta vare på tilsette. Det er både eit personleg ansvar og eit arbeidsgjevaransvar å ha nok kunnskap.

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Ein har fått til veldig mykje, m.a. 2 årlege felles legemøter, 4 årlege felles fagdager, nettverk for sjukeheimsleger, hospitering, møteserier, fagdager, palliasjonsprosjektet, «barneblikk», geriatriprosjektet, akutt medisin kompetanse (KAD og legevakt) og utvikling av KAD.

Nye utfordringar vert Helseplattformen, vaksinerings på apotek, kommunane må ta over ALIS-ansvaret (utdanningsløp lege), det er behov for fleire samfunnsmedisinarar m.m.

Kor går vegen vidare? Skal det gjerast som i dag med Sjustjerna-plan? Korleis utnytte ressursane til Høgskulen i Volda?

Helse Møre og Romsdal har ein kompetanseportal, Sjustjerna sine fagdagar vert lagt inn der. Røyken-modellen vart presentert i Oslo, med sertifisering av sjukepleiarar m.m. Å bygge relasjonar er viktig på møteplassane. Kompetanseutvikling må føre til noko – det må gi pasientverdi, t.d. i høve til der pasienten bur.

Helseplattformen vil gi mykje gratis, ein må arbeide i lag i eit samfunnsmessig perspektiv.

Det var forslag om å ta ein høyringsrunde på satsingsområde innan kompetanseplanen: Kva treng vi kompetanse på?

Det vart bestemt å lage eit årshjul over innhaldet i felles kompetanseaktivitet. Praksiskonsulent Stian Endresen vil leie arbeidet med dette. Gro Anette Frøystad (koordinator Sjustjerna helse og omsorg) og Mona Ryste (avdelingssjef medisinsk avdeling ved Volda sjukehus) er med i arbeidet. Ein vil kome tilbake til dette på neste møte i LSU Volda sjukehusområde.

Ein må støtte opp og fasilitere for at nettverkstankegangen lever vidare i Sjustjerna.

### **Sak 15/2019: Bruk av KAD og sjukehus, sett frå kommuneperspektivet**

Ved Oddvar Marøy, stableiar tildeling og koordinering i Ørsta kommune og Knut Nautvik

På førre møte viste HMR at beleggsprosenten i Volda sjukehusområde for KAD-senger var 16%, medan totalen i fylket var 25%. Det vart drøfta om KAD-senger i kommunane vert nytta til andre ting enn det som er formålet, og om interkommunalt samarbeid vil føre til meir bruk av KAD-senger.

På førre møte kom det innspel om at geriater på sjukeheim fører til færre (re-)innleggingar på sjukehus i dei eldste aldersgruppene (+90). Det vart konkludert med at bruk av KAD-senger vert sak i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde hausten 2019.

Marøy snakka om kommuneperspektivet på KAD-plassar.

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Oppretting av KAD-senger kom i samband med samhandlingsreforma i 2012. KAD-plassar vart finansiert med overføringar til kommunane i opptrappingsperioden fram til og med 2015 gjennom trekk i ramma til HF.

Der er viktig at ein ser på plassane som eit viktig reiskap både for kommunar, helseføretak og pasientar. I Ørsta er det korttidsavdeling på Ørstaheimen med 16 einsengsrom med forsterka funksjonar. Korttidsavdelinga har periodevis 19-20 pasientar, unntaksvis ledige senger.

Policyen er å ta imot KAD-pasientar når det er plass og mogleg, opptil 3-4 pasientar samstundes. Ein skil ikkje mellom ordinære plassar, KAD-senger og palliative senger når det vert meldt behov for innleggingar, og trur at fleksibilitet er tenleg for alle partar.

Det har teke tid å etablere kultur for å bruke plassane. Estimert antal liggedøgn er 261 i 2019. Det er flest pasientar mellom 80 og 90 år, men også yngre brukarar vert lagt inn.

Marøy tok opp om ein for rask å melde til kommunane heimebuande pasientar som ikkje har tenester frå før. KAD-plassar er eit av mange verkemiddel i helse- og omsorgstenesta. Det skal vere veldig gode grunnar for å avvise.

Suksessfaktorane for god bruk av KAD-plassane er kjennskap til ordninga hos fastlege/legevakt/poliklinikk eller mottak, tillit til kompetansen i korttidsavdeling og heimebasert omsorg m.m.

Ørsta kommune har fått kritikk for at ein ikkje har faste senger, men synest det er viktigast å utnytte samla kapasitet ved Korttidsavdelinga.

Nautvik viste til at viktige moment ved oppretting av KAD-plassar var kompetanseheving i kommunane og nærleik til tilbodet for brukaren. Det har i varierende grad vore oppretta senger på sjukeheimane. På søre Sunnmøre er det ein høgare andel senger enn på nordre Sunnmøre.

Tyrholm viste til at søre Sunnmøre har ein høgare andel eldre innbyggjarar enn nordre Sunnmøre. Den store majoriteten av henvisningar på søre Sunnmøre kjem frå legevakt.

Ei samanlikning av KAD-plassane viser m.a. ulikt befolkningsgrunnlag per seng, ulik registreringspraksis og manuelle opptellingsrutiner.

I Ålesund er det ein spesiell avtale om ØHD-henvisning innan ett døgn etter innlegging i sjukehus. LSU Volda sjukehusområde ønskjer å prøve ut ein tilsvarande 24-timar delay i høve til å snu pasientar frå sjukehuset til KAD.

Til neste møte vert det sett ned ei arbeidsgruppe som ser på det i lag. Britt Tyrholm, Stian Endresen, Inger Lise Kaldhol og Oddvar Marøy deltek.

### **Sak 16/2019: PCI til Ålesund sjukehus**

Kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol innleia på saka.

Saka har tidlegare vore drøfta i Sjustjerna helse og omsorg. Dei ønskjer å støtte PCI til Ålesund sjukehus. Volda sjukehus støttar at det vert utgreiia, og at ei eventuell

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

etablering skal skje ved Ålesund sjukehus. Brukarutvalet går inn for etablering av PCI i Møre og Romsdal.

### **Sak 17/2019: Innspel til forbetring av samhandlingsstrukturen**

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Knut Nautvik

Jf. e-post av 4. juli 2019 frå samhandlingssjefen i HMR ønska forhandlingsutvalet innspel m.a. frå LSUane om følgjande (med frist 4. oktober):

«• Hvilken rolle/funksjon ser de som hensiktsmessig for seg selv, og for de andre foraene? • Hva har fungert bra? • Hva har ikke fungert optimalt? • Har det enkelte samhandlingsforumet vært i stand til å utføre sine oppgaver, jf. gjeldende samhandlingsavtale? • Opplevs sammensetningen av forumet, jf. gjeldende samhandlingsavtale, som hensiktsmessig? Forklar hvorfor/hvorfor ikke. • Er antallet lokale samhandlingsutvalg og kliniske samhandlingsutvalg hensiktsmessig? • Andre innspill

Medlem av forhandlingsutvalet Inger Lise Kaldhol viste til at at forhandlingsutvalet no har klart eit forslag. Forslaget er å etablere følgjande samhandlingsfora: partnerskapsmøte, strategisk samhandlingsutval, 4 lokale samhandlingsutval og fagråd.

For LSU Volda sjukehusområde kan det vere aktuelt å koble seg på møta i Sjustjerna. Det kom innspel om å få oppnemnt ein brukarrepresentant frå kommunane til LSU. Ein ønskjer 6 representantar frå helseføretaket i LSU, 4 frå somatikken og 2 frå rus og psykisk helse.

Det kom innspel frå LSU Volda sjukehusområde om å oprette eit eige fagråd innan rus og psykiatri og habilitering. Samansettinga av utvalet må gjenspegle fagområda.

### **Sak 18/2019: Vidare organisering av legevakt og legevaktssentral**

Ved kommuneoverlege i Ørsta og Volda Inger Lise Kaldhol

Kommunane har vedteke å flytte legevaktssentralen. I møtet vart det sagt at det er 1 års oppseiingstid på noverande avtale, men det viser seg at oppseiingsfristen er 6 månader. Alle kommunane må seie opp avtalen kvar for seg før jul.

Det vart bestemt å ha eit eige møte mellom HMR og kommunane for å følgje opp flytting m.m. etter nyttår.

### **Sak 19/2019: Val av ny leiar og nestleiar for LSU Volda sjukehusområde**

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Knut Nautvik

I tråd med den praksisen som har vore følgd er det i 2020 kommunane sin tur til å ha leiarfunksjonen i utvalet, medan HMR har nestleiarfunksjonen.

Det har vore sendt ut ei oppmoding til kommunane om å diskutere forslag til ny leiar.

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Konklusjonen vart at Sjustjerna peikar ut medlemmar til LSU og HMR gir melding til ny direktør om oppnemning av representantar til LSU.

Val av ny leiar og nestleiar for LSU vert å kome tilbake til på neste møte.

### **Sak 20/2019: Møteplan 2020**

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Knut Nautvik

14. februar 2020 vert neste møte i LSU Volda sjukehusområde. Møtestad er DPS poliklinikken ved Volda sjukehus.

### **Sak 21/2019: Eventuelt**

Ved avdelingssjef ved medisinsk avdeling ved Volda sjukehus Mona Ryste

LIS 1-legar vert rekruttert inn til Volda sjukehus. Dei er også på legekontora på søre Sunnmøre. Det er 4 plassar til LIS 1-legar i kommunane på søre Sunnmøre, dvs. ein plass i kvar av kommunane Herøy, Ulstein, Volda og Ørsta.

Dei 3 andre kommunane har ikkje plassar. Ein ide er om 2 kommunar kan dele ein plass, t.d. ha LIS 1-lege eit halvt år kvar. Det handlar om å utdanne eigne LIS-legar saman med Volda sjukehus. Kommunane burde greie å ha like mange plassar som sjukehuset (6).

Konklusjonen på saka vart at LSU Volda sjukehusområde oppmodar Sjustjerna om å vurdere å trappe opp talet på LIS-1 lege plassar i kommunane (frå 2020).

### **Kopi til:**

#### *Oppnemnde vararepresentantar:*

Hareid kommune: einingsleiar heimebasert Unni Bergdal

Sande kommune: einingsleiar Wenche Torseth

Ulstein kommune: kommuneoverlege Norunn Kirkebø Elde

Vanylven kommune: avdelingsleiar Eli Tefre Nordal

Volda kommune ved einingsleiar heimetenester Astrid Dimmen

Ørsta kommune: ved seksjonsleiar helse- og velferdstenester Kristin Vik

Brukarutvalet: Jakob Strand

#### *Sjustjerna helse og omsorg:*

Koordinator Gro Anette Frøystad Voldsund, fagutviklingssjukepleiar i Herøy kommune

#### *Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF:*

Samhandlingssjef Lena Bjørge Waage

Spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm